

# Godt nytt år frå Øygarden kommune!

Januar 2023



Snekkervis | Foto: Turid Grenar



## Aksjonsenteret

Aksjonsenteret på Øygarden lokalmedisinske senter er døra inn for dei som treng hjelp, råd og rettleiing om tilbod som skal gjera kvardagen enklare for eldre som bur heime.



## Nordsjøfart- museet 25 år

I samband med 25-årsjubileet til Nordsjøfartmuseet i Telavåg vert det invitert til flott konsert torsdag 27. april med Real Ones.

## Sotrasambandet

Det nærmar seg byggjeart for Sotrasambandet. Administrerande direktør i Sotra Link, Christopher M. Bjerke, seier at det første spadetaket vert teke første kvartal 2023.



## Kanonlaurdag på innbyggartorga og biblioteka

Innbyggartorga og biblioteka i Øygarden sparkar i gang med «Kanonlaurdagar» med arrangement for barn og vaksne.





## Nytt år og nye moglegheiter!

Først vil eg ønskja alle eit godt nytt år.

Eg vil nytta høvet til å takka alle for innsatsen i lokalsamfunnet gjennom året som ligg bak. 2022 vart på mange område ikkje heilt slik vi hadde sett for oss ved starten for eitt år sidan. Men som alltid har både tilsette, bedrifter og innbyggjarane gjort det beste ut av situasjonen.

Det som kanskje har gjort sterkast inntrykk på oss i året som ligg bak, er måten vi har teke imot flyktningane på. Vi busette i 2022 nesten 200 flyktningar. Dei fleste kom frå Ukraina, men det kom også flyktningar frå andre land. I 2023 planlegg vi for å gjera det same. Då er vi avhengige av at dei som kjem til landet vårt og til Øygarden, får ein så god start som mogleg.

Vi veit at mange vil få nye utfordringar i året som kjem. Medarbeidarane i kommunen vil gjera det dei kan for å hjelpa dei som er mest utsette og har spesielle behov.

I Øygarden har vi også eit stort potensiale for vekst og utvikling. Det er viktig for dei komande generasjonane at dette skjer på ein berekraftig måte.

La oss saman gripa dei moglegheitene som 2023 vil gje oss.

*Ordfører Tom Georg Indrevik*



*Snekkevik | Foto frå venstre: Tonje Tangen Alvsvåg og Merethe Harketstad Boge*

### Aksjonscenteret

## Her kan du få hjelp, råd og rettleiing

Øygarden kommune har ei rekkje tilbod som skal gjera kvardagen enklare for eldre som bur heime. [Aksjonscenteret](#) på Øygarden lokalmedisinske senter er døra inn for dei som treng hjelp, råd og rettleiing om dette.

- Ikkje alle kjenner til kva tilbod seniorar har i kommunen vår. Medarbeidarane på Aksjonscenteret kan gje kunnskap om dette og bidra til at det vert trygt å bu heime, seier einingsleiar på det lokalmedisinske senteret, Tonje Tangen Alvsvåg.

Koordinator for Aksjonscenteret, Merethe Harketstad Boge, seier at råd om hjelp og informasjon om aktivitetar kan bidra til å hindra sosial isolasjon. I 2022 tok 208 personar kontakt med Aksjonscenteret.

- Dei som tek kontakt, vil gjerne vita meir om aktuelle aktivitetar, bustadtilbod, transport, økonomi, førebyggjande heimebesøk, tekniske hjelpemiddel og praktisk hjelp i heimen, seier ho.

Aksjonscenteret samarbeider med ei rekkje frivillige og private aktørar. Døme på dette er [Treff+](#), [Aktiv+](#), treningssenter og [Småoppdrag+](#).

**Slik kan du kontakta  
Aksjonscenteret:**

telefon: 55 09 70 00

e-post: [aksjonscenteret@oygarden.kommune.no](mailto:aksjonscenteret@oygarden.kommune.no)



## Flyktningåret 2022

I 2022 busette Øygarden kommune 197 flyktningar der dei fleste kom frå Ukraina. Kommunestyret har deretter vedteke å busetja 200 nye flyktningar i 2023. Vi veit ikkje kor lenge dei som er fordrivne frå Ukraina blir i landet. I den tidlege fasen av krigen ville mange reisa heim så fort som mogleg. Av erfaring veit ein at jo lenger folk blir, jo meir fotfeste får dei.

Vi kan berre gjera det beste for at kvar enkelt skal få eit godt liv i Øygarden, anten dei vert verande her ein kort eller lengre periode. Gjennom barnehage, skule, introduksjonsprogram, utdanning, arbeid og frivilligheit, har kommunen nokre rammer som gjev kompetanse og læring. Dette er rammer som kan gje struktur, håp og meining til våre nye bebuarar i Øygarden.

Det er behov for bustader når ein skal busetja mange flyktningar. Øygarden bustadforvaltning KF leiger inn aktuelle bustader på utleigemarknaden, og det er ønskjeleg med møblerte bustader. På [nettsida til kommunen er det skjema](#) der ein kan gje informasjon om ein har bustad til utleige.



## Første spadetak for Sotrasambandet

Det nærmar seg byggjearbeid for Sotrasambandet. Administrerande direktør i Sotra Link, Christopher M. Bjerke, seier at det første spadetaket vert teke første kvartal 2023.

- Vi held fram med å utføra ein del førebuarande arbeid før den tid. Innløyste hus og hytter skal rivast. Tilkomstvegar skal etablerast, og nytt lagerområde for Peab Asfalt i Knarrvika skal opparbeidast, seier Bjerke.

Hovudaktiviteten er no prosjektering, det vil seia planlegging, berekningar og detaljteikning av det som skal byggjast. Ingeniørselskapa Multiconsult, Norconsult og PINI er de største bidragsytarane. På det meste er det 400 personar knytt til dette arbeidet.

Opning av ny firefeltsveg vert 1. juni 2027.

For meir informasjon, følg bygginga av Sotrasambandet på Facebook ([Rv.555 Sotrasambandet](#), [Statens vegvesen](#)), LinkedIn ([Sotra Link](#)) eller [sotralink.no](http://sotralink.no).



## Har du planar om å gifta deg?

Øygarden kommune tilbyr borgarleg vigsel til alle personar som oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap i Noreg. Det er tilbod om vigsel ein fredag og laurdag kvar månad.

Vigsel er gratis for alle som er folkeregistrerte i Øygarden.

### Vigselsdatoar 2023

- Februar: 17. og 18.
- Mars: 17. og 18.
- April: 21. og 22.
- Mai: 26. og 27.
- Juni: 16. og 17.
- Juli: Ingen vigsel
- August: 11., 12., 18. og 19.
- September: 15. og 16.
- Oktober: 20. og 21.
- November: 17. og 18.
- Desember: 15. og 16.

Du tingar borgarleg vigsel på [nettsida til kommunen](#).



## Skjenkeløyve

Har de ansvar for drift av eit grendahus/forsamlingslokale? Då må de gjera dykk kjente med kva reglar som gjeld for skjenking av alkohol. Mange typar arrangement er løyvepliktige. De finn meir informasjon og enkelt søknadsskjema på [nettsida til kommunen](#).

Ta gjerne kontakt med kommunen pr. telefon eller e-post for meir informasjon.

# Samferdsleprosjekt



## Kulverten i Idrettsvegen er klar til bruk i februar

Arbeidet med kulverten i krysset Idrettsvegen/Smålonane nærmar seg slutten. Arbeidet er ferdig i løpet av februar. Prosjektet er finansiert gjennom Miljøløftet. Det er sett av 10,6 millionar kroner til kulverten. Formålet er å betra framkomsten og tryggleiken mellom Straume sentrum og idretts-, skule- og industriområdet i Idrettsvegen. Oppdraget vert utført av Sartor & Drange.



## Vegutbetring på fylkesveg 560

På strekninga Fjell gard og Dala vert fylkesvegen utbetra seks stader. Vegen er i dag smal og utan midtlinje med til dels dårleg sikt og svingar som er doserte feil. Utbetring er i hovudsak oppretting av kurvar, breiddeutvidingar og seinking av toppen på Krossleitet. Ved Fjell festning skal parkeringsplassen utvidast. Arbeidet, som har ei kostnadsramme på 29 millionar kroner, vil venteleg vera fullført i løpet av juni 2023.



## Mange har synspunkt på nye planar

Meir enn 400 har gitt innspel til kultur-, idretts- og frivilligheitsplanen og bustadsosial temaplan for Øygarden.

Hausten 2022 har innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar med fleire vore inviterte til å gje innspel til plan for kultur, idrett og frivilligheit og bustadsosial plan for Øygarden.


Nokre hovudpunkt frå innspela:

- Innbyggjarane etterlyser koordinert og samordna informasjon om idretts-, fritids- og kulturtilbod i kommunen.
- Det er stort behov for møteplassar og anlegg som opnar for uorganiserte aktivitetar.
- Det kan vera vanskeleg å rekruttera nye til frivillig innsats. Lag og organisasjonar ønskjer tettare samarbeid med kommunen, og hjelp til bl.a. rekruttering.
- Det vert etterspurt meir variasjon i bustadtilbodet, med fleire større leilegheiter og små einebustader/småhus.
- Mange ønskjer seg eit større mangfald i bumiljøet, der ulike typar menneske bur saman på tvers av generasjonar.

Rapportane kan du lesa på nettsida til kommunen:

- [Strategisk plan for kultur, idrett og frivilligheit](#)
- [Bustadsosial temaplan](#)

Alle er velkomne til å gje nye innspel til dei to planane når dei vert lagde ut på høyring i slutten av mars 2023.



## Nokre råd om smittsame sjukdomar

Det er mykje sjukdom i omløp for tida. Hald deg heime om du får nye luftvegssymptom og kjenner deg sjuk. Du kan gå tilbake til skule eller jobb når du kjenner deg betre, trass nokre restsymptom. Ta dei vaksinane du er tilrådd. God hand- og hostehygiene er gode råd som har stått seg i årevis.

Les meir på nettsida til Folkehelseinstituttet, fhi.no



## Budsjettet for 2023

Den 15. desember vedtok kommunestyret [budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023 – 2026](#).

Driftsbudsjettet er i balanse og har ei ramme på 3,14 milliardar kroner. Det skal investerast for om lag 170 millionar kroner i 2023. Det vedtekte budsjettet byggjer på framlegget til kommunedirektøren, men har ein del endringar.

For å finansiera påplussingar i driftsbudsjettet i forhold til framlegget til kommunedirektøren, er det på inntektssida lagt inn seks millionar kroner ekstra i reduksjon av straumutgifter og fire millionar kroner i overføring for flyktingar utan vidare styrking av tenesteapparatet.

På utgiftssida er det mellom anna sett av to millionar kroner ekstra til miljøterapeutar i ungdomsskulane. Dei andre største endringane er transport til ulike aktivitetar i skular og barnehagar (ein million kroner), kjøp av lærebøker (ein million kroner) og avgrensa auken i eigendel for SFO til fire prosent (ein million kroner). Andre påplussingar er sommarjobb for ungdom (400 tusen kroner) og ope terapibasseng på Rong (420 tusen kroner).

### Investerer for 170 millionar kroner

Investeringsbudsjettet er påplussa med 16,9 millionar kroner og utgjer dermed totalt 170 millionar kroner. Budsjettvedtaket inneber at det er sett 10 millionar kroner ekstra til utskifting av banane og opprusting av idrettsområdet på Skålvika, 2,9 millionar kroner til oppussing og opprusting av lyd og lys i kultursalen (Straume) og fire millionar kroner til opprusting av Straume idrettspark.

Dei største investeringane i 2023 er Grønmyrvegen/ombygging av sentrumsgate (28,2 millionar kroner), asfaltering (åtte millionar kroner), ny skule på vestsida (15 millionar kroner), ombygging Kolltveit skule (12,5 millionar kroner), rehabilitering av Fjell kyrkje (17 millionar kroner) og velferdsteknologi sjukeheim (åtte millionar kroner).

## Heider og ære til øygardsstrilar

Den 10. mars klokka 18.00 vert det kultur- og idrettsgalla i kultursalen, Øygarden rådhus.

I ei stilfull ramme ønskjer vi å gjera stas på den mangfaldige kulturen i Øygarden. Kultur-, frivillig, tilgjenge, MOT til å glede - og folkehelseprisen skal delast ut på gallaen. Øygarden idrettsråd deler ut idrettens heiderspris og ungdomspris, og Øygarden musikkråd/amatørkulturråd deler ut Musikkrådets heiderspris.

## Frivilligåret

# 2022

## Kven vert Årets frivillig?

I løpet av Frivilligåret 2022 er det i Øygarden delt ut 12 frivilligprisar, ein for kvar månad. På Kultur- og idrettsgallaen fredag 10. mars vert ein av dei som har fått prisen Månadens frivillig peika ut som Årets frivillig for 2022.

## Kommune-TV

Møta i formannskapet, kommunestyret, dei tre utvala og kontrollutvalet vert strøyma og lagt ut på [kommune-TV på nettsida til kommunen](#).



**Sjekk  
røykvarslarane  
til alle du er  
glad i.**



ØY  
GARD  
EN



## Noko av det som skjer på innbyggartorga og biblioteka



### Sund Senter

Teiknekurs for ungdom 12-16 år  
v/ Trine Sejrup torsdag 19. jan

#### Kanonlaurdag for barn og vaksne 21. januar

- Føredrag om Annie Ernaux v/Sandra Lillebø
- Barneteater: Askeladden og de gode hjelperne

Litterær matpakke  
torsdag 26. januar

Barneteater: Pling vaken  
v/Krabatene tysdag 7. februar

Teiknekurs for ungdom 12-16 år  
v/ Trine Sejrup torsdag 16. feb

#### Kanonlaurdag for barn og vaksne 18. februar

- Barneteater: Fast i plast v/Maria Rønhovde
- Torill Karina Børnes: Om serien Snøkløkker

Litterær matpakke torsdag  
23. februar

#### Kanonlaurdag for barn og vaksne 18. mars

- Rot & Bjørne v/Hege
- Arrangement for vaksne kjem



### Sartor Storsenter

Spelklubb for ungdom  
12-15 år kvar tysdag  
kl. 12.30 – 15.30

Føredrag: Nazistane si bombing  
av Noreg v/Vigleik R. Mathisen  
torsdag 19. januar

Dei korrekte – kansellering og  
identitetspolitikk v/Frank  
Rossavik torsdag 26. januar



Redesignkurs for vaksne  
oppstart onsdag 1. februar

Redesignkurs for ungdom 12-  
18 år oppstart onsdag 8. februar

Almennquiz v/ Hallgeir Dale  
torsdag 9. februar

Rytmelab konsert, tromme-  
verkstad og trommemaking for  
barn laurdag 11. februar



### Rong Senter

#### Kanonlaurdag for barn og vaksne 28. januar

- Barneteater: Trollet utan hjarte v/Teaterfrø
- Arrangement for vaksne kjem

Glimt frå vikingtida – fiskeværet  
på Hjartøy og vikingskipet frå  
Rong torsdag 16. februar



#### Kanonlaurdag for barn og vaksne 25. februar

- Barneteater: Fast i plast v/Maria Rønhovde
- Arrangement for vaksne kjem

#### Kanonlaurdag for barn og vaksne 18. mars

- Introduksjon til slekts-  
gransking og lokale kjelder
- Rot & Bjørne v/Hege Østmo-Sæter Olsnes.



## Satsar på «Kanonlaurdag» i heile kommunen

Innbyggartorga og biblioteka i Øygarden sparkar i gang med «Kanonlaurdagar» i januar. - Vi ville syta for at det vart auka aktivitet på alle stader, og vi ville gje eit tilbod til alle. Så då satsa vi på å laga ein laurdag i månaden der vi har arrangement for både vaksne og familiar. Dette har vi aldri gjort før, seier Yngvild Marie Kaarbø Wiese, avdelingsleiar for innbyggartorg og bibliotek.

Saman med tilsetteamet og programansvarleg, Trude K. Bendiksen, har dei utarbeidd eit mangfaldig tilbod til øygardsfolket. - Her er barneteater, spelklubb, teiknekurs for ungdom, redesignkurs for både vaksne og ungdom, og eit variert utval foredrag, seier Wiese. Alt av tilbod er gratis.

## Gratis tilbod i skuleferiane

Å syta for at barn og ungdom får utfolda seg kreativt, er eit særleg satsingsområde for Øygarden innbyggartorg og bibliotek.

- Skuleferiane kan for mange vera eit ork å koma seg gjennom, men ikkje no lenger! Dette vil vi nemlig bøta på, seier Yngvild Marie Kaarbø Wiese. - Alle dei tilsette har lagt hovudet i bløyt. Vi har spurd ungdomane sjølve om kva dei vil ha, og saman trur eg at vi skal få til eit godt tilbod av gratis aktivitetar for fastbuande og tilreisande i feriane.

I skrivande stund har innbyggartorg og bibliotek utarbeidd program for vinterferien i februar, påskeferien i mars, og starta med å leggja planar for sommarferien. - Her er det berre å møta opp og slengja seg med på det som måtte vera av interesse. Vi tek òg gjerne imot innspel frå barn og ungdom om kva dei kunne tenkja seg. Dette er jo framleis eit tilbod under utvikling, så her er plass til mykje, seier Wiese.

## Opningstider innbyggartorg og bibliotek

### Sartor Storsenter:

- Måndag 10.00 – 16.00
- Tysdag 10.00 – 16.00
- Onsdag 10.00 – 16.00
- Torsdag 12.00 – 19.00
- Fredag 10.00 – 16.00
- Laurdag 10.00 – 15.00

### Sund Senter og Rong Senter:

- Måndag 10.00 – 16.00
- Tysdag 10.00 – 16.00
- Onsdag meirope\*
- Torsdag 12.00 – 19.00
- Fredag 10.00 – 16.00
- Laurdag meirope\*

\*Meirope (ubetent):

Kom gjerne innom i opningstida til innbyggartorga og biblioteka på Sund Senter og Rong Senter så kan vi hjelpe deg med tilgang til meiropeløysinga.



## Bookbites

Hugs at vi tilbyr e-bøker og lydbøker i appen Bookbites. Last ned frå App Store eller Google Play.



## Nasjonalt lånekort - porten til digitalt innhald

Visste du at du kan låna filmar frå tenesta Filmoteket ved å logga deg på [filmoteket.no](http://filmoteket.no) med det nasjonale lånekortet ditt?

Flipp er eit nytt tilbod der du kan lesa vekeblad og magasin gratis. Her kan du logga deg på heimanfrå for å lesa, eller du kan bruka tenesta på innbyggartorga og biblioteka i kommunen.

PressReader er det gratis digitale avistilbodet vårt. Her får du tilgang til eit stort utval tidsskrift og aviser på mange ulike språk. Du kan logga deg på heimanfrå eller koma innom innbyggartorga og biblioteka.





AKTIV KOMMUNE

## Tilgang til kommunale bygg

Portalen [Aktiv i vest](#) kjem i ny form i juni 2023. Vi ber alle lag og organisasjonar om å logga seg inn og oppdatera informasjon om laget sitt i løpet av våren 2023. Dette oppdaterer også e-postlistene til frivilligheita til kommunen.

## Hugs å søkja om tilskot!

Søknadsfrist for å søkja om tilskot frå tilskotsordningane er 15. april. I 2023 er det lagt inn ekstra pengar til ordningane. Sjå nettsida for meir informasjon og elektronisk søknadsskjema [oygarden.kommune.no/tilskot](http://oygarden.kommune.no/tilskot)



## Nordsjøfartsmuseet er 25 år

I samband med 25-årsjubileet til Nordsjøfartsmuseet i Telavåg vert det invitert til flott konsert torsdag 27. april med Real Ones kl. 19.00. Dette er eit ope arrangement med sal av billetter på førehand. Real Ones, etablert i 1994, er eit velkjend originalt liveband. Bandet kan visa til 12 album, fire Ep-ar, to spelemannsprisar og meir enn tusen konsertar. Real Ones vert skildra som eit unikt og eksperimentelt band innan folk, pop og rock.

Sundag 30. april: Ny utstilling om livet i eksil under 2. verdskrig. Nordsjøfartsmuseet har ope kl. 12.00-17.00.

I mars og april får innbyggjarane i Øygarden gratisbillett til museet. Det kjem meir informasjon om dette seinare.

Sjå opningstider på nettsida til [museumvest.no](http://museumvest.no)

## Frivilligforum for frivillige lag og organisasjonar

Velkomen til Frivilligforum 22. mars kl. 18.00 Sotra Arena.



**BUA**<sup>®</sup>  
ØYGARDEN

## Gratis utlån av sports- og friluftsutstyr

På BUA i FriHuset på Ågotnes kan du låna utstyr til idrett, leik og friluftsliv. Vi har utstyr til vinter- og sommaraktivitetar for barn, ungdom og vaksne.

Alt du treng er å oppretta ein profil på [bua.no](http://bua.no). Er du under 18 år, må ein føresett oppretta profil og registrera deg som medlånetakar. Du kan låna utstyr i inntil sju dagar.

Oversikt over utstyr finn du på nettsida til [bua.no](http://bua.no). Du kan reservera utstyr ved å ta kontakt med oss på e-post eller telefon 948 29 573 (berre i opningstida) eller berre stikka innom i opningstida.

**Det er gratis å låna utstyr og tilgjengeleg for alle!**

BUA Øygarden er open tysdagar og torsdagar mellom kl. 13.00 og 20.00 på skuledagar. Ver merksam på at det kan vera andre opningstider i skuleferien. Oppdaterte opningstider finn du på vår Facebookside og på [BUA.no](http://BUA.no). For henting eller levering utanom opningstida, ta kontakt på e-post [bua@oygarden.kommune.no](mailto:bua@oygarden.kommune.no)



[oygarden.kommune.no/bua](http://oygarden.kommune.no/bua)



## Kva skal skje i området mellom kollektivterminalen og rådhuset på Straume?

Lukk auga og prøv å sjå for deg at Stovevatnet, som ligg mellom Sartor Storsenter og rådhuset, er fylt igjen, - eit heilt nytt byggeland midt i kjernen av regionsenteret. Her skal det byggjast ny vidaregåande skule og ny, flott kollektivterminal. Den nye riksvegen gøymmer seg i tunell under Straume sentrum. Men kva skal ein elles bruka det nye byggelandet til? Det er dette som er tema for det vi kallar [Parallelloppdrag Straume](#).

Vill Arkitektur frå Bergen og det København-baserte Nord Architects skal arbeida fram spennande idear til korleis Straume kan vidareutviklast som eit levande og attraktivt sentrum. Forslaga deira vert presenterte i ei offentleg utstilling i mars.



## Velkomen til ny dagsturhytte!

Den 14. januar vart dagsturhytta nummer to offisielt opna i Øygarden. Rambua ligg på ei lita hylle nedanfor Rambogen i Blomvåg med utsikt over det ville, opne havet i vest.

Hytta er open, men det er ikkje lov til å overnatta i hytta. Det er peis til å fyra og nynorskbibliotek.

Dei som skal til Rambua, kan parkera ved Blomvåg kyrkje. Frå kyrkja går du tilbake til krysset, vidare rett fram via Garnesvegen til du ser skiltet mot dagsturhytta inn på Stølemyrvegen, rett ved busstoppet. Om lag 100 meter inn på Stølemyrvegen ser du skiltet som viser sti-start på venstre side. Stien til dagsturhytta er ca. 1,5 km lang.

Meir informasjon om Rambua finn du her: [Rambogen \(ut.no\)](#).



Livets Portal, Grana Telavåg | Foto: Alf Alden

## Kystpass 2023

Bli kjend med den flotte naturen i Øygarden kommune. [Kystpasset](#) gjev deg turar frå Hellesøy i nord til Lerøy sør i kommunen.

Du kan henta det nye Kystpasset i daglegvarebutikkar, på bensinstasjonar og innbyggartorga og biblioteka i kommunen frå slutten av mars.

Du kan også lasta ned Kystpasset og sjekka deg inn på turmåla via UT appen. God tur!



## Fortel om det som skjer i Øygarden!

Ønskjer laget/organisasjonen din å invitera til eit ope arrangement? Då kan du leggja informasjon om dette inn i kalenderen på nettsida til Øygarden kommune.

Fyll ut skjema som du finn på nettsida til kommunen [oygarden.kommune.no/arrangement](http://oygarden.kommune.no/arrangement)



## Språkkafé

Velkomen til [språkkafé](#). Dette er ein sosial møteplass for innvandrarak som ønskjer å praktisera norsk munnleg.

### Dato | Tid | Stad

Tysdagar kl. 13.00-14.30 på innbyggartorget og biblioteket på Sartor Storsenter.

Tilbodet er gratis og ope for alle. Vi serverer eit lite varmt måltid, kaffi og te.

## Vil du bli lærling i Øygarden kommune?

Øygarden kommune har i mange år gjeve tilbod om lærlingeplass. Vi har lærlingar i sju ulike fag. Læreplassane blir utlyste i februar kvart år. Søknadsfrist er 1. mars. Stillingane vert annonserte på [nettsida til kommunen](#), FINN.no og Vestnytt.

Ein lærling er både elev og arbeidstakar. Alle lærlingane får eigen instruktør på arbeidsplassen sin. I tillegg er det felles samlingar med ulike faglege tema.

### Vi har ledige læreplasser i fem fag:

- Barne- og ungdomsarbeidar
- Helsefag
- Ernæringskokkfaget
- IT-driftsfaget
- Service og administrasjonsfaget




## Temakafé for kreftramma og pårørande

Velkomen innom for ein kopp kaffe, ein matbit og samtale i eit triveleg miljø saman med andre som har lik erfaring. Vi tek opp aktuelle tema og byr på ulike kulturelle innslag.

Stad: Seniorsenteret, 3. etg. Sartor Storsenter.

### Datoar og tema:

- Onsdag 18. januar kl. 17.00 - 19.00  
Tema: Rehabiliteringsmoglegheiter, deling av erfaringar
- Onsdag 8. februar kl. 17.00 - 19.00  
Tema: Aktivitet og trening, Sprek og Blid
- Onsdag 8. mars kl. 17.00 - 19.00  
Tema: Informasjon frå tenester i kommunen, Aksjonsenteret m.fl.
- Onsdag 12. april kl. 17.00 - 19.00  
Tema: Framtidsfullmakt, jurist frå Vardesenteret
- Onsdag 3. mai  
Tema: Vårtonar, Helge Grønhaug



## Bygdebøker frå Fjell og Sund

Til sals hjå bokhandlarar og innbyggartorga og biblioteka!



## Søk om skap til hjartestartar

Idrettslag og andre frivillige organisasjonar i Øygarden kan søkja om hjartestartarskap, som gjer hjelpa godt synleg og tilgjengeleg når det er behov for det. Sparebanken Vest på Straume støttar prosjektet med 400 000 kroner (16 hjartestartarskap). **Frist for å søkja er 31.01.2023** På nettsida til kommunen finn du meir informasjon og korleis du kan søkja [oygarden.kommune.no/hjartestartar](https://oygarden.kommune.no/hjartestartar)



## Søk barnehageplass innan 1. mars

Øygarden har 36 kommunale og private barnehagar. Alle som har rett på tilbod om barnehageplass, får barnehageplass i Øygarden, men kommunen kan ikkje garantera at alle får oppfylt ønska sine.

For å ha rett til eit tilbod ved hovudopptaket, med oppstart i barnehage i august 2023, må du søkja om plass innan 1. mars 2023. Barnet må fylla eitt år innan 30. november 2023.

Barn som søker innan 1. mars 2023 og fyller eitt år i løpet av september, oktober eller november det året det vert søkt om plass, har rett på tilbod om plass frå den månaden dei fyller eitt år. Søk om plass i kommunale og private barnehagar på nettsida til kommunen: [oygarden.kommune.no/barnehageplass](https://oygarden.kommune.no/barnehageplass)



## Startlån

Kjenner du nokon som ikkje får lån i vanleg bank, men som har økonomi til å betena eit bustadlån? Tips dei om startlån frå kommunen og Husbanken!

Startlån er ei målretta ordning mot innbyggjarar i Øygarden med langvarige bustad- og finansieringsproblem. Det er ei behovsprøvd låneordning som skal nå fram til dei personane som er vanskelegast stilt på bustadmarknaden, og som samstundes har økonomisk evne til å betena eit lån.

Prioriterte målgrupper er barnefamiljar, eldre, personar med nedsett funksjonsevne.

Les meir om startlån og send inn søknad på [nettsida til kommunen](#).



## Ledige stillingar

Er du på jobb jakt eller ønskjer du nye utfordringar?

Vi har fleire spennande ledige stillingar i Øygarden kommune. Velkomen som søker!

På nettsida til kommunen finn du oversikt over ledige stillingar og elektronisk søknadsskjema [oygarden.kommune.no/ledigstilling](https://oygarden.kommune.no/ledigstilling)



## Kontakt oss

Sentralbordet tlf. 56 16 00 00  
er ope måndag til fredag  
frå kl. 09.00 til 15.00.

E-post: [postmottak@  
oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)

Postadresse:  
Ternholmvegen 2, 5337 Rong

## Offentleg bading i Øygarden

Velkomen til [offentleg bading](#) i Øygarden. I kommunen vår har vi fire basseng som vert nytta til offentlig bading.

### Straume terapibasseng

- Fredagar kl. 16.00 - 20.00
- Laurdagar kl. 10.00 - 15.00
- Søndagar kl. 10.00 - 15.00

### Hjeltefjorden Arena symjehall

- Onsdagar kl. 17.00 - 21.00
- Laurdagar kl. 10.00 - 15.00
- Søndagar kl. 10.00 - 15.00

### Symjebasseng på Ågotnes

- Tysdagar kl. 17.30 - 20.45
- Torsdagar kl. 17.30 - 20.45

### Stranda symjehall

- Tysdagar familiebadning kl. 17.00 - 20.00 og bading for vaksne kl. 20.00 - 22.00
- Torsdagar familiebadning kl. 16.00 - 20.00 og bading for vaksne kl. 20.00 - 22.00

Opningstida i bassenga følgjer skuleruta. Bassenga er stengde i skuleferiane. Barn som ønskjer å bada utan vaksne må vera symjedyktige og over 12 år.

**Pris:** kr. 50 for barn og kr. 90 for vaksne. Prisen gjeld for ein time i basseng.



Foto: Stine Solaas

Informasjon i denne brosjyra kan verta endra. Du finn oppdatert informasjon på nettsida til kommunen.



**Copyright - Øygarden kommune  
januar 2023**

**Trykk:** Sidland og Jacobsen AS

**Opplag:** 14.900

**Tekst/redigering:** Vagleik Brekke

**Grafisk utforming:** Monica Hovland

**Foto:** Kjell Andersland, Vagleik Brekke,  
Farshid Amini, Anders Ekanger,  
Monica Hovland, Colourbox  
og Mostphotos